



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Jorunn Røssland Eide	916 67070	2020/926-6	«REF»	22.05.2020

DELEGERT DISPENSASJON OG IGONGSETJINGSLØYVE - TILTAK UTAN ANSVARSRETT – delegert vedtak

Tiltak:	Tilbygg bustadhus
Gnr/bnr:	141/1
Byggestad/adresse:	Raudsteinsvegen 211, 5460 Husnes
Tiltakshavar:	Berit Bakke Abelsen og Tormod Abelsen, Raudsteinsvegen 211, 5460 Husnes
Matrikkel:	BYA=+50 m2 BRA=+29 m2

Delegert vedtaksnr.: 2020/232

Dispensasjon:

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, jf. PBL § 1-8 til tilbygg av kårhus og utviding av veranda.

Arealføremålet i kommuneplanen er LNRF-område, og det er ikkje sett byggjegrænse langs sjøen. Tiltaket kjem ikkje i strid med føremålet i lova, og råkar ikkje dei interessene lova skal ivareta.

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 vert søknad journalført 03.04.2020 og dispensasjonssøknad 14.05.2020 med tilhøyrande situasjonsplan og teikningar godkjent. Det er tiltakshavar sitt ansvar at tiltaket vert utført i samsvar med vilkåra gitt i og i medhald av plan- og bygningslova. Tiltakshavar er òg ansvarleg for plassering i høgde og plan.

Vilkår:

1. Søknad om ferdigattest jf. PBL § 21-10 må sendast Kvinnherad kommune når tiltaket er ferdig utført.

Tiltaket kan igangsetjast når klagefristen er gått ut og det ikkje er kome inn klage.


Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

▪ Dispensasjon:

Det er ikkje sett byggjegrænse i denne planen, og det vert difor gjeve dispensasjon frå byggeforbodet i PBL § 1-8. (Tiltaket ligg i LNFR område).



- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla.
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Landbrukskontoret har ingen merknad til plasseringa. Dei kan tilrå utviding av kårhuset som omsøkt, epost 26.05.2020.
- Statens vegvesen har godkjent saka etter veglova og gitt dispensasjon datert 12.05.2020.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre mynde. Dispensasjonsvedtaket vert sendt til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering. Klagefristen er 3 veker.

Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.
- Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommundirektøren i Kvinnherad

Jorunn Røssland Eide
Sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet
Matrikkelen
Sektor for teknikk og miljø